

Til handsaming på SKUP sitt årsmøte 2011

Tønsberg 1. april 2011

Sak: 7

Saka gjeldt:

1 Vidareføring av SKUP-sekretariat

2 Vedtektsendringar

1) Framlegg om vidareføring av SKUP-sekretariat i heil stilling

SKUP har hatt sekretariatsleiar i full stilling sidan august 2009. Stillinga vart oppretta etter vedtak på årsmøtet 2009. Ettersom konferansen har vakse og blitt stadig meir profesjonalisert dei siste åra, meiner styret framleis denne stillinga er heilt naudsynt for å avlaste dei frivilljuge styremedlema med mykje av det administrative arbeidet knytt til konferansen, slik at dei kan ha størst mogeleg fokus på programarbeidet. Årsmøtet skal handsame styret sitt framlegg om vidareføring av heiltidsstillinga som eit toårig åremål frå august 2011.

Bakgrunn og behov

SKUP-sekretariatet førebur sakspapir til styremøte, tek referat, driv saksutgreiing, koordinerer styret sitt arbeid, fører rekneskap og har dag-til-dag-kontroll med økonomien. SKUP leiger kontor til sekretariatsleiar hjå Norsk Journalistlag.

Styret ved styreleiar er sekretariatsleiar sin arbeidsgjevar. Med utvidinga av stillinga har også SKUP sitt arbeidsgjevaransvar auka. Styreleiar og sekretariatsleiar har vekentlege arbeidsmøte, og telefon og – og mailkontakt stort sett dagleg. Det er innført gjennomgang av arbeidslister kvar fjortande dag, og blir gjennomført to medarbeidersamtaler i året.

Økonomi

Heiltidsstillinga har ført til ei større auke i stiftinga sine utgifter. Den avlastar samstundes styret som sådan for mange administrative oppgåver. Frå nyttår 2010 har sekretariatet også overteke rekneskapsføringa for stiftinga, som før var sett ut til byrå. Det gjer at stiftinga i dag har ein mykje betre kontroll med økonomien.

Styret bad årsmøtet om å få auka stillinga i sekretariatet frå 60 til 100 prosent i 2009. Ein argumenterte då med at ein tilsett i heil stilling kunne utføre fleire tenester ein tidlegare hadde kjøpt eksternt, slik som sekretariat-og bookingtenester frå IJ og reknskapsføring frå byrå. Summen av innsparinga vart estimert til kr. 182.000 kroner, noko som var 72.000 kroner meir enn dei 258.000 ein anslo den reelle utgiftsauken for stillinga til å bli (frå kr 311.219 i 60 prosent til maks 569.543 kroner i 100 prosent).

Styret kjøper framleis sekretariats-og bookingstenester frå IJ, men sekretariatsleiar har overteke reknskapsføringa som gjev ei innsparing på rundt 80 000 kroner. Styret har framleis rundt 8000 kroner i årlege utgifter til revisor. I tillegg kjem utgifter på kr 40 000 for leige av kontorlokale hjå NJ, som ein ikkje tok høgde for i 2009. Med kr 544.239 i personalkostnader i 2010, er samla utgifter til sekretariatet kr 584.239. Med innsparinga på kr. 80 000, er den reelle utgiftsauken frå 60 til 100 prosent på kroner 193.000. Styret har foreslått at ein hentar inn att ein del av dette gjennom auka kommersielt sal. Sekretariatsleiar vil ha ansvar for å auke inntektene med rundt 60 000 kroner frå sal av stands og annonser i Siste SKUP. Styret varsla også ei auke i deltakaravgifta for å dekke meirkostnadene. Denne auke er innført i 2011.

Stiftinga sin økonomi er robust, og styret meiner ein difor er i stand til å handtere dei auka utgiftene. Per i dag har stiftinga eigenkapital god nok til å dekke eit dårleg konferanseår. Etersom det vert innstilt på eit åremål med tidsavgrening på to år, har stiftinga også høve til å løyse seg frå utgiftene dersom økonomien skulle endre seg dramatisk.

Styret har per i dag ikkje oversikt over korleis timetalet i heiltidsstillinga fordeler seg. Dersom årsmøtet går inn for å vidareføre stillinga som eit to års åremål slik som

styret ynskjer, vil sekretariatsleiar føre timelister frå etter konferanseslutt 2011, både for å sjå kva det reelle timetalet er, korleis det fordeler seg gjennom året og kor mykje av arbeidstida som fordeler seg på rekneskap kontra møteførebuing, koordinering osv. Ein vil også syte for å få på plass rutiner for å ivareta det formelle arbeidsgjevaransvaret, for å vera budd på eventuelle tilsynsbesøk i høve til arbeidsmiljølova og ferielova. Styret understrekar at registreringa ikkje blir innført i kontrollaugemed.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmøtet gjev styret si tilslutning til å vidareføre ordninga med SKUP-sekretariat i 100 frå 17. august 2011. Stillinga er eit toårig åremål.

Sekretariatsleiar får i oppgåve å auke dei kommersielle inntektene, og det vert innført registrering av tidsbruk i høve til dei ulike arbeidsoppgåvene. Registreringa er eit verkty for utvikling av stillinga. Løn blir fastsett etter avtale.

2) Framlegg til vedtektsendringar

Fjorårets årsmøte vedtok fleire vedtektsendringar etter framlegg frå organisasjonsutvalet. Styret ser behov for å supplere vedtekt 7b vedrørende val til SKUP sitt Råd og presisere § 10 om kontrollkomiteen sitt mandat.

§ 7 b – val til SKUP sitt råd

§ 7 b: "SKUPs råd skal bestå av ni personer som velges for ett år av gangen. Rådet skal ha minst fire kvinnelig og minst fire mannlige medlemmer. Blant de ni velger årsmøtet rådets leder og nestleder ved separate valg".

Vedtekt 7 b tek ikkje høyde for at medlem i rådet kan tre frå i perioden og har difor ikkje retningsliner for suppleringsval. Styret ser på dette som ei forgløyning.

I løpet av det siste året har eit medlem av rådet gått over i stilling utanfor pressa og trekt seg frå vervet. Styret meiner det er heilt naudsynt at rådet til ei kvar tid tel ni

medlem, og meiner difor styret bør ha vedtektsfesta rett til å halde suppleringsval.

§ 10 om kontrollkomiteen sitt mandat

§ 10: "Kontrollutvalget skal fortløpende få tilsendt dokumenter som behandles av styret, referat fra styremøter og regnskapsrapporter. Årsberetning og – regnskap skal sendes kontrollutvalget snarest og senest tre uker før årsmøtet. Kontrollutvalget avgir til årsmøtet en egen årsrapport om styrets forvaltning av sine oppgaver og stiftelsens økonomi.

Ordlyden om at kontrollutvalet skal avgje rapport om "styrets forvaltning av sine oppgaver" kan tolkast vidt med omsyn til kva som er det faktiske mandatet.

Styret er samde i at kontrollkomiteen si primære oppgåve er å føre etterkontroll med stiftinga sin økonomi, og å sjå til at styret har følgd SKUP sine vedtekter og statuttar i sitt arbeid. Framlegget til endring vil presisere dette.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmøtet vedtek følgjande tilføyning i § 7b i vedtektene: "I tillegg til de ni ordinære medlemmene i årdet, velges to vararepresentanter. Disse trer inn i rådet dersom noen av de faste medlemmene fratrer i årsmøteperioden".

Årsmøtet vedtek også følgjande endring i § 10 i vedtektene, siste setning: "Kontrollutvalget skal drive etterkontroll av styrets arbeid. Utvalget avgir til årsmøtet en egen årsrapport om styrets arbeid sett i forhold til SKUPs vedtekter og statutter generelt, og forvaltningen av stiftelsens økonomi spesielt."

Årsmøtet vedtek også følgjande endring i §11, ny siste setning: "Endringene trer i kraft etter årsmøtets slutt".

